

Lavik hagelag har planane klare:

Friluftsområde kring bispestova?

Dei siste ti åra har Johan Sognnæs vore eldsjela bak kravet om at den såkalla bispestova i Lavik burde restaurerast. Huset som er ein av landets eldste prestebustader, stod lenge å forfall. Lavik hagelag har no fått huset i si eige, og er no i ferd med å restaurere huset. I samband med dette har hagelaget fått utarbeidt planar for eit friluftsområde kring bispestova. Problemet er at vegvesenet vil bygge ny feriekai i det aktuelle området.

SD: ROY RAASHOLM FAUSKE

Bispestova er bygd på byrjinga av 1800-talet, truleg i 1804. Heilt sikre er ingen, for i enkelte gamle skrifter vert det hevda at huset vart bygd på slutten av 1700-talet. Riksantikvarien har i alle fall slått fast at huset er ein av landets eldste prestebustader, kan Sognnæs fortelje.

Gjestebustad for biskopen

Han fortel vidare at bispestova eigentleg var ei roykstove som vart flytt til Lavik. Her tente den som prestebustad fram til rundt 1810, då ny prestebustad stod ferdig. Etter den tid var den nytta til gjestehus. Blant anna budde biskopen her då han var på gjesting i distriket. Av dette kjem namnet bispestova. Sidan har huset vore nytta til både hønschus, bustad og skule.

I 1934 vart huset flytt, frå tunet til prestegården og ned til sjøen.

Verneverdig

Arbeidet med å verne huset har teke lang tid. Alt i 1922 ville Lavik kommune kjøpe huset for å få det verna. Kommunen fekk ikkje kjøpt huset, men det vart listefort som verneverdig. Sidan har både sonnerådet og ungdomslaget prøvt å få gjort noko med huset.

Fari i arbeidet med å redde huset vart det først då Lavik hagelag overtok. Bispestova var då til nedfalls,



Det er i dette området Lavik hagelag har planar om friluftsområde. Bispestova er skjult bak trea. Det er også i dette området vegvesenet vil bygge ny feriekai.

og detasta med å få gjort noko. Eldsjela bak prosjektet, Johan Sognnæs, fortel at etter mykje arbeid og fleire turar til departementet og distriktsantikvaren, fekk hagelaget overta huset vederlagsfritt. Det var då ideen om eit friluftsområde kring bispestova dukke opp. Hagelaget fekk difor skilt ut områdekring huset til dette formålet.

Museum og friluftsområde
Johan Sognnæs fortel oppglødd om korleis han tenker seg området ferdig opparbeidt. Han tenker seg eit friluftsområde der folk kan ta seg

ein spasertur på småstiar eller slappe av ved ein av dei mange benkane og borda som skal uplasserast. Også leikplassar for børnene er planlagt. Plenar der ein til dømes kan spel både cricket og tennis, høyrer også med. Langs strandlinja bak feriekaien er det planlagt bålplassar og badestrand. Plass til småbåtar vert det og.

—Midtpunktet må sjølvsgåti bispestova vere. Her kunne vi lage til eit lite bygdemuseum eller bygdetun. Kanskje kunne vi selje kaffi og heimelaga vaflar her, seier Sognnæs. Huset kunne sikkert nyttast til mottelokale for ulike tilskippingar

også, legg han til. Sognnæs ser for seg eit område som både bygdefolk, og ikkje minst turistane ville ha stor glede av.

Ikkje noko kostnadsoverslag

Hittil har hagelaget restaurert bispestova utvendig. Laget har også engasjert den landskjende landskapsarkitekten, Eli Kjær, som har utarbeidt ferdige planar for eit friluftsområde kring bispestova. Johan Sognnæs seier at laget fekk mykje hjelpe av distriktsantikvaren då dei restaurerte huset utvendig. —Vi har også fått tilskot både frå fylket og kommunen til dette arbeidet, legg han til. Men støtta frå kommunen tykkjer han kunne ha vore betre.

Kor mykje det vil koste å få realisert eit slikt prosjekt veit ikkje Sognnæs. —Det har vi ikkje rekna på, men hagelaget har hittil brukt om lag 50.000 kroner og mange timer dugnad på reataturering og planarbeid.

Langt fram

På spørsmål om kor tid han trur eit friluftsområde i Lavik sentrum kan bli realisert, svarar han: —Det har vore lite gjort dei siste åra fordi vi

ikkje har fått avklára med vegvesenet om dei vil sette planane om ny feriekai ut i livet. Får vegvesenet det slik dei vil ha det, vil den nye feriekaien ta heile strandlinja til hagelaget. Så lenge vi ikkje har fått avklára dette, er det vanskeleg å seie når planane kan realiserast, seier Sognnæs. —Teh vegvesenet området til feriekai, må det utarbeidast nye planar. Ein feriekai som tek heile strandlinja, vil øydelegge noko av det finaste med heile området. Heilheitsinntrykket vil også bli øydelagt, meiner han.

Framleis interessert

Johan Sognnæs har gitt seg som formann i hagelaget, men han er framleis eldsjela bak prosjektet. —Folk må ikkje tru at det er berre eg som har gjort noko. Dei fleste medlemmene i laget har lagt ned mykje arbeid i dette prosjektet, seier han.

—Interessa er berre blitt større di meir og har jobba med dette prosjektet. Eg har heile planen i hovudet, og eg ser for meg kor fint det kan bli viss vi får det slik vi vil, held han fram. —Eg håpar planane let seg gjennomføre. Det ville ha vore synd om det ikkje skulle bli noko av dei. Andre stader har dei fått til like. Kvifor skulle det ikkje gå her i Lavik og, avsluttar ein oppglødd Johan Sognnæs.



Johan Sognnæs håper at bispestova, ein gong, kan opnast for bygdefolk og turistar. Huset er bortimot ferdig restaurert utvendig.

SOGNINGAR
send oss bilete til «Gamle Sogn»,
helst frå tida før 1950.

Sogn Dagblad